

ÅRSMELDING VESTLAND ARBEIDARPARTI



14. og 15.mars på Terminus Hotel i Bergen

Innhold

ÅRSMELDING VESTLAND ARBEIDARPARTI	1
ÅRSMØTET 2025.....	3
KVINNENETTVERKET:.....	4
SAMARBEIDSKOMITEEN/FAGLEG-POLITISK SAMARBEID.....	5
LANDBRUKSUTVAL	6
FORSVARSPOLITISK FORUM.....	7
U 40 NETTVERKET	7
KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN	8
ÆRESMEDLEMMER:.....	11
ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS.....	11
STYREMØTER	11
REPRESENTANTSKAP	11
STORTINGSGRUPPA.....	12
ORGANISASJON, KURS og OPPLÆRING.....	13
SLUTTORD FRÅ LEIAR.....	14

ÅRSMØTET 2025

Kommunepartia har 150 delegatar til årsmøte, AUF har i tillegg ni delegatar.

Årsmøte var 2 og 3.mars 2025 på Terminus Hotel i Bergen

Gjest på årsmøte var nestleiar Tonje Brenna

Styret i 2025 har vore:

Leiar	Torgeir Næss, Kvam
Nestleiar	Siri Sandvik, Stad
Nestleiar	Benjamin Jakobsen, Askøy
Medlemsansvarleg	Marianne Bjørøy, Øygarden
Leiar av Kvinnenettverke	Linn Therese Erve, Sveio
Styremedlem	Helge Robert Midtbø, Sunnfjord
Styremedlem	Line Berggren Jacobsen, Bergen
Styremedlem	Christian Sønstlien, Årdal
Styremedlem	Anne Kristin Førde, Bremanger
Styremedlem	Inge Degnepoll, Bergen
Styremedlem	Lisa Johnsen Lunde, Vaksdal
1. varamedlem	Oda Medhus, Eidfjord
2. varamedlem	Odd Atle Stegegjerdet, L
3. varamedlem	Eva Steigen, Bergen
4. varamedlem	Gaute Epland, Stord

REPRESENTASJON

Studieutval/medlemsutval	Marianne Bjørøy
Kvinnenettverket	Linn Therese Erve
Sentralstyret:	Stian Davies

Landsstyret:

Torgeir Næss
 Vara: Benjamin Jakobsen
 Line Berggren Jacobsen
 Vara: Linn Therese Erve
 Christian Sønstlien
 Vara: Helge Robert Midtbø
 Siri Sandvik

Stortinget og regjering:

Vara: Anne Kristin Førde
 Fram til valet 2025:
 Marte Mjøs Persen
 Torbjørn Vereide
 Odd Harald Hovland
 Eigil Knutsen
 Linda Merkesdal
 Lubna Jaffery, kulturminister

Etter valet hausten 2025:
 Lubna Jaffery, kulturminister
 Torbjørn Vereide
 Rune Bakervik
 Linda Merkesdal
 Benjamin Jakobsen
 June Gruer, vara for Lubna Jaffery

KVINNETTVERKET:

Styringsgruppa i Kvinnenettverket har vore samansett av:

Linn Therese Erve (leiar), Alexandra Schonhowd Sørensen, Camilla Landro og Inger Christin Hystad Barane.

Kvinnenettverket har hovudsakleg hatt treffpunkt på Teams i løpet av året. Dette gjeld temamøter for alle kvinnelege medlemer. Før årsmøte arrangerte me digitalt møte for å drøfte innspel til saker til årsmøte frå kvinnenettverket. Tradisjonen tru blei det arrangert «vorspiel» til fylkesårsmøtet 2025, på teams.

I forkant av 8. mars blei det skrive eit felles lesarbrev frå kvinnenettverket. Alle kvinnelege medlemer skal vere inviterte til Kvinnenettverket via sine lokale kvinnekontakter.

Leiar av kvinnenettverket er vald inn i styringsgruppa til kvinnenettverket sentral, og har deltatt i møter der og med dei andre fylkesleiarane. På samlingar er det jobba fram eit forslag til politiske og organisatoriske prioriteringar til kvinnenettverket til Arbeiderpartiet. Forslaget blei sendt på høyring til alle kvinnekontaktar i Vestland Ap.

SAMARBEIDSKOMITEEN/FAGLEG-POLITISK SAMARBEID

Årsmelding 2025 frå samarbeidskomiteen i Vestland.

Det har vore god kontakt mellom partiet og fagrørsla i perioden. Samarbeidskomiteen har hatt 7 møter i 2025 og behandla 45 saker. Det var skifte av leiing etter årsmøte i VAP. LO overtok leiinga etter Ap. Leiar av komiteen har vore Atle Rasmussen frå LO Vestland. Sekretær for komiteen har vore regionnestleiar i LO Vestland, Nils Petter Støyva. Fylkesvaraordførar har også tiltrett komiteen i perioden. Under følgjer ei oppstilling av nokre av sakene som har vore behandla i komiteen:

Organisatoriske saker:

- Oppfølging av tiltaksplanen skjer på kvart møte. Tiltaksplanen inneheld 25 ulike punkt som komiteen skal arbeide med i perioden.
- Fagleg-politisk skulering gjennom Agenda rådgjeving. Dette gjeld skulering i sosialdemokratisk politikk og politisk kommunikasjon.
- Fagleg-politisk valkamp.
- Planlegging og gjennomføring av arbeidsplassbesøk.
- AOF og ny organisering.
- Oppfølging av møte med LO – Ap sentralt (Youngstorget).
- Programarbeidet i Arbeiderpartiet.
- NOU om erfaringane med EØS-samarbeid.
- Eit statsbudsjett for fagorganiserte.
- Anbod og konkurranseutsetting av kommunale tenester.
- Overprøving av legemeld sjukmelding frå bedriftene.
- Konkurranseutsetting i kommunane og verbalforslag i kommunestyra.
- Søndagsopne butikkar i turistkommunar.
- Kraftsituasjonen på Vestlandet.

Fagleg-politisk konferanse

Komiteen gjennomførte den årlege fagleg-politisk konferansen 31 mai og 1. juni på Park hotell, Vossevangen. Om lag 90 deltakarar vart med på konferansen. Vi hadde 14 innleiarar og program frå lunsj til lunsj. Nytt av året var at møtesalen blei organisert med runde bord, deltakarane fekk ikkje sitte med kjende, men blei plassert, mange blei kjend med nye, gode tilbakemeldingar på konseptet og programmet. Vi må jobbe meir med deltaking frå heile fagbevevegelsen, fleire forbund var ikkje til stades.

Temaer dag ein var ideologi og verdier på dag to var det beredskap og kunstig intelligens.

Medlemmar i samarbeidskomiteen

Torgeir Ness
 Torbjørn Vereide
 Marianne Bjørøy
 Christian Sønstlien
 Frida Hegrenes Selvik
 Stig Morten Frøiland
 Atle Rasmussen
 Nils Petter Støyva
 Espen Berntsen
 Ørjan Myrmel
 Mads Wiik Kleven
 Miriam Sorø Jordal
 Malin Borgevik

LANDBRUKSUTVAL

Landbruksutvalet i Vestland Arbeidarparti – årsmelding 2025.

Landbruksutvalet i Vestland Arbeidarparti har hatt 6 møter i perioden, og handsama 10 saker. Leiar av Landbruksutvalet har vore Nils Petter Støyva, mens Ove Farsund har vore sekretær i utvalet. Knut Byrkjenes Hauso har vore med i utvalet i mange år. Han er også medlem av styret i Vestland Bondelag. Knut har stor fagkunnskap innan landbruk. Han har vore ein viktig bidragsytar til landbruksutvalet i Vestland Ap. Landbruksutvalet er eit utval som ligg under styret til Vestland Arbeidarparti.

Uttale om jordbruksforhandlingane.

Årleg vert det gjennomført forhandlingar mellom Norges Bondelag, Norsk Bonde- og småbrukarlag og Staten. Føremålet er m.a. å sikra bøndene ei inntektsutvikling på linje med andre yrkesutøvarar i Norge. I hovudsak vert det forhandla om prisuttak i markanden, stabile og føreseielege rammevilkår, samt statlege overføringar som vederlag for samfunnsgodane bøndene stiller til disposisjon for samfunnet og gje forbrukarane stabile og føreseieleg matprisar. I tillegg har jordbruksforhandlingane dei siste åra handla om beredskap, kulturlandskap og landbruk over heile landet. Landbruksutvalet i Vestland Ap har i sitt innspel lagt særleg vekt på rammevilkåra og økonomien til vestlandsbonden.

Møte med Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget i Vestland.

Våren 2025 hadde vi møte med leiar i Hordaland bonde og småbrukarlag, Marit Gjengedal Austvoll. I november hadde vi møte med leiar i bonde- og småbrukarlaget i Sogn og Fjordane, Bjørn Inge Flo.

Besøk av Landbruksministeren

I samband med valkampen 2025, fekk landbruksutvalet besøk av Landbruksminister Nils Kristen Sandtrøen. Besøket vart lagt til Luster, og var i nært samarbeid med Luster Ap og 2. kandidat for Ap i Sogn og Fjordane, Anette Stegegjerdet Norberg.

I februar 2026 fekk landbruksutvalet også besøk av statsråden i Ullensvang. Det vart lagt opp til gardsbesøk og besøk til to foreldingsbedrifter. Om kvelden var det ope møte saman med Ullensvang Ap. Begge besøka vart svært vellukka og gav nyttig dialog og informasjon om rammevilkåra for landbruket i Vestland.

Medlemmar i Landbruksutvalet

Leif Jarle Espedal, Fjaler Ap
 Nils Petter Støyva, Stryn Ap
 Knut Byrkjenes Hauso, Ullensvang Ap
 Ove Farsund, Sunnfjord Ap
 Karoline Finnøy, Stad Ap
 Leif Erik Senneset, Bremanger Ap
 Sølvi Helland, Voss Ap

FORSVARSPOLITISK FORUM

Årsmelding forsvarspolitisk forum 2025

Forsvarspolitisk forum i Vestland AP består av:

Ulvar Akselsen, Stord, leiar
 Ingvild Skaar, Øygarden
 Nina Bognøy, Alver
 Magnar Skorven, Sunnfjord
 Inge Degnepoll, Bergen
 Torgeir Næss, Kvam
 Doris Christensen, Kinn
 Julian Fløde, AUF

Grunna valkamp og fokus på det har det vore liten aktivitet i 2025. Forsvarspolitisk forum har diskutert saker internt i utvalet. Det vart jobba med å få til faglege innleiingar om den auka bruken av dronar og ei innleiing om veksten av ytre høgre som potensiell trugsel. Det lykkast ikkje i å få til dei innleiarane me ynskja, men me har opna dialog og har eit håp om å få til tema møter med denne tematikken i framtida.

U 40 NETTVERKET

U40-nettverket ble opprettet for å gi et tilbud til de mellom 25 og 40 år som ofte er underrepresentert, både på valglister og i øvrige partiorganer. Alle medlemmer innenfor

denne aldersgruppen er medlem i nettverket, og alle mottar informasjon om nettverkets aktiviteter.

Nettverket startet opp sitt arbeid i 2024 og er underlagt fylkesstyret. Aktiviteten i nettverket organiseres av en egen styringsgruppe som består av: Keyty Planeta (Sogndal), Leif-Erik Senneset (Bremanger), Mari Pedersen Totland (Bømlo), Lisa Lunde (Vaksdal), Mari Ingleson (Bergen), Pål Adrian Ryen (Alver), Benjamin Jakobsen (Askøy).

U40-nettverket har lagt bak seg et 2025 med noe begrenset aktivitet som følge av valgkampen. Grunnet valgkampen ble det også besluttet å ikke gjennomføre en fysisk samling, slik man hadde i 2024. Det ble imidlertid avholdt flere digitale temamøter.

Aktiviteter i 2025:

18.02.2025 – Møte med statssekretær i Finansdepartementet Ellen Reitan

30.04.2025 – Møte med fylkesvaraordfører Stian Jean Opedal Davies

19.06.2025 – Fysisk sommeravslutning på HEM i Bergen

04.11.2025 – Møte med høyere utdanningsminister Sigrun Aasland

Nettverket legger opp til økt aktivitet i 2026 og har allerede avholdt sitt første digitale temamøte. Det planlegges en ny fysisk samling i april med innledninger fra blant andre: justisminister Astrid Aas-Hansen, leder av skattekommisjonen Eigil Knutsen og statssekretær Erlend Hanstveit.

KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN

Pål Adrian	Ryen	Alver Arbeiderparti
Even	Sørland	Arbeiderpartiet i Bergen
Astri	Landøy	Askvoll Arbeidarparti
Helge	Jonasdal	Askøy Arbeiderparti
Tor	Skjerdal	Aurland Arbeiderparti
Sandra	Valskog	Austevoll Arbeiderparti
Per	Lerøy	Austrheim Arbeidarparti
Henriette Madel Mori	Lien	Bjørnafjorden Arbeidarparti
Leif Erik	Senneset	Bremanger Arbeidarparti
Åge	Grutle	Bømlo Arbeiderparti
Arild	Riber	Eidfjord Arbeidarparti
Siri	Klokkestuen	Etne Arbeiderparti

Kamilla	Karlsen	Fedje Arbeiderparti
Jarle	Helland	Fitjar Arbeiderparti
Leif Jarle	Espedal	Fjaler Arbeiderparti
Bjørn	Kormeseth	Gloppen Arbeiderparti
June Glenjen	Omdahl	Gulen Arbeidarparti
Simen	Solheim	Hyllestad Arbeidarparti
Kristin Sagerøy	Råsberg	Høyanger Arbeidarparti
Doris	Christensen	Kinn Arbeidarparti
Michael	Iversen	Kvam Arbeiderparti
Bernth-Harry	Eliassen	Kvinnherad Arbeiderparti
Odd Atle	Stegegjerdet	Luster Arbeidarparti
Jon Martin	Nes	Lærdal Arbeiderparti
Marit	Bjørneklett	Masfjorden Arbeiderparti
Geir	Olsen	Osterøy Arbeiderparti
Shirin Kvernes	Khadoor	Samnanger Arbeiderparti
Henny Kristin Asperanden	Navarsete	Sogndal Arbeidarparti
Tom	Færøy	Solund Arbeidarparti
Terje	Ødegård	Stad Arbeidarparti
Gaute	Epland	Stord Arbeidarparti
Jan	Træen	Stryn Arbeidarparti
Berit	Hornes	Sunnfjord Arbeidarparti
Linn Therese	Erve	Sveio Arbeiderparti
Ingrid Tysnes	Stue	Tysnes Arbeiderparti
Tor Helge	Tjemsland	Ullensvang Arbeidarparti
Linn	Skeie	Ulvik Arbeiderparti
Magne	Hestad	Vaksdal Arbeiderparti
Bjarne	Larsen	Vik Arbeidarparti
Karl	Knapskog	Voss Arbeiderparti
Espen Cornell	Jacobsen	Øygarden Arbeiderparti
Christian	Sønstlien	Årdal Arbeiderparti

Medlemsutvikling i 2023

	2024	2025
Alver	172	196
Arbeiderpartiet i Bergen	1184	1401
Askvoll	28	29
Askøy	121	136
Aurland	57	53
Austevoll	38	43
Austrheim	52	57
Bjørnafjorden	157	173

Bremanger	48	62
Bømlo	77	80
Eidfjord	35	31
Etne	41	40
Fedje	29	31
Fitjar	31	30
Fjaler	38	38
Gloppen	31	32
Gulen	35	38
Hyllestad	31	30
Høyanger	93	96
Kinn	134	127
Kvam	79	85
Kvinnherad	87	92
Luster	189	181
Lærdal	68	70
Masfjorden	35	40
Osterøy	68	75
Samnanger	22	22
Sogndal	139	142
Solund	15	16
Stad	98	91
Stord	180	186
Stryn	61	74
Sunnfjord	204	222
Sveio	46	43
Tysnes	25	25
Ullensvang	185	194
Ulvik	33	30
Vaksdal	60	62
Vestland direkte	1	1
Vik	96	84
Voss	97	93
Øygarden	202	199
Årdal	223	221
Total	4645	4971

ÆRESMEDLEMMER:

Vigdis Ravnøy
 Malvin Moen
 Knut Erdal
 Margot Henden
 Arne Jakobsen

ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS

Det har vore fire stillingar ved partikontoret, to fylkessekretærar, ein organisasjonsmedarbeidar frå 1.desember(50%) og ein kontortilsett i 2025. Fylkessekretærane Stig Morten Frøiland og Monica Oppedal er tilsett i Arbeiderpartiet.

Kontorsekretær Elisabeth Refvik, organisasjonmedarbeidar Eira Sund og organisasjonssekretær Arve Helle er tilsett i Vestland Arbeidarparti, Arve Helle har vore i permisjon.

Vestland Ap har kontorlokale i Førde og i Bergen.

Dei tilsette på partikontoret deltek i eiga bedriftslegeordning gjennom Bergen Arbeidsmedisinske Senter. Det er ikkje registrert arbeidsulykker på kontoret. Sjukefråværet er lågt.

STYREMØTER

Det har vore elleve styremøte i 2025.
 Styret har digitale møter og fysiske møter.
 Det er fast at ein møter fysisk den helga det er faglegpolitisk konferanse.

REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er satt saman av 100 representantar. Vestland AUF skal ha 9 representantar etter innstilling frå AUF. Representantskapet vert fordelt på kommunepartia

i høve talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommuneparti har rett til minst ein utsending til representantskapet.

Styret i Vestland Arbeidarparti møter med tale-, forslags- og stemmerett.

Fylkestingsgruppa og stortingsrepresentantane tiltrer representantskapet. Møta er ope for medlemmer.

Vestland Arbeidarparti hadde eit representantskapsmøte i 2025, det var 18.oktober. Det var i Bergen på hotel Zander K.

På møte 18 .oktober var nestleiar og helse-og omsorgsminister Jan Christian Vestre gjest, han hadde innleiing om den politiske situasjonen og valet.

Valkamputvala i dei to valkrinsane oppsummerte valkampen.

Fylkestingsgruppa presenterte arbeidet med budsjettet og arbeidet i utvala

Etter orienteringane vart det opna for spørsmål og innspel.

STORTINGSGRUPPA

Vestland Arbeidarparti fekk ved valet 2025 totalt 5 stortingsrepresentantar.

Lubna Jaffery (statsråd), Rune Bakervik, Torbjørn Vereide, Linda Merkesdal, Benjamin Jakobsen og June Gruer fast møtande vara for statsråd Lubna Jaffery.

I stortingssamanheng er det to fylkesbenker gamle Sogn og Fjordane og gamle Hordaland. Torbjørn Vereide og Rune Barkarvik leiar kvar sin benk.

Benken består av representantar på tvers av dei politiske partia. Det er møte ein gong i månaden. Benkemøte er til for ulike interessegrupper, kommunar og liknande frå heimfylket.

Vestland Arbeidarparti har saman med Fylkespartikontoret benkemøte kvar onsdag 0900-1000. Det vert ført referat frå møta.

Linda Merkesdal organiserer desse møta.

Der planlegg og fordeler me så langt mogleg aktivitetar og anna representasjon.

Kvar 6 veke har vi stormøte med heile fylke, her deltek ordførarar, varaordførarar, gruppeleiarar og kommunepartileiare.

Me har også reiseaktivitet i regionane i fylket.

Viktig med stort fokus på fagligpolitisk samarbeid

Stortingssamansetninga med eit stort FrP og fragmentert storting gjer at fleirtalsamarbeid er krevende.

Utenriks og forsvar: Rune Bakervik

Energi- og Miljø: Torbjørn Vereide og Linda Merkesdal

Familie og Kultur: Benjamin Jakobsen

Justis: June Gruer

AU og gruppestyret Linda Merkesdal

Kamilla Kleppe, Ulvar Akselsen og Frida Selvik har alle vore inne som vara i haust og vinter. Stortingsgruppa gjennomførte ordførar/gruppeleiarsamling i januar 2026 med godt oppmøte og stort engasjement.

ORGANISASJON, KURS og OPPLÆRING

Vi gjennomførte tillitsvalt skulering for nye styremedlemmer i 26-27 april.

Vi gjennomførte to samling for nye medlemmer, 15-16 mars og 29-30 november 2025. det var mellom 15 og 20 medlemmar på samlingane. VAP har hatt ein god medlemsvekst i 2025, om lag halvparten av dei nye medlemmane vi har fått er i Bergen. Difor har Arbeiderpartiet i Bergen arrangere møter for nye medlemmer kvar månad gjennom heile året.

Styret utlyste ein ny runde for programmet regional leiarskulering. Vi gjennomførte ein samling i 2025 18-19. oktober. Her deltok 24 stykk. Det skal gjennomførast to samlingar i 2026 for denne gruppa. Målgruppa er leiarar i kommuneparti/partilag og folk med verv i fylkespartiet og dei som har som ambisjon om å ta på seg leiarposisjonar framover. Programmet har fått gode tilbakemeldingar.

Styret har i perioden vedtatt ein strategi som inneheld fleire punkt som omhandlar organisasjonen, særleg med omsyn til å styrke fellesskapet og sikre kunnskap og skulering i organisasjonen. Styret har også vedtatt ein eigen instruks for styret som set retning for korleis styret skal jobbe med opplæring og utvikling. Styret har også vedtatt ein kompetanseplan to år framover for organisasjonen. Dette gjer det enklare for kommuneparti og planlegge.

Leiinga og partikontoret har faste møter med kommunepartileiarane kvar månad. Styret har også kartlagt alle møteplassar for å betre koordinere saker som Vestland Arbeiderparti skal jobbe med.

Vi samarbeider godt med dei lokale LO organisasjonane i gjennomføringa av 1. mai. Våre tillitsvalde hadde appell i mange 1 mai arrangement i vestland. Det største arrangementet var på Torgallmenningen i Bergen, det var vel 2500 som møtte opp i toget. Vår statsråd, Lubna Jaffery var ein av hovudtalarane. Tilhøvet og samarbeidet med fagrørsla er godt og det er svært viktig i høve til arbeidet i organisasjonen og i politiske organ.

Samarbeidet med AUF er godt og dei har representantar i ulike utval og nemnder.

Vestland Arbeidarparti hadde pr 31.12.2025 4971 medlemmer. Det representative talet var 5051. Vi hadde 546 nyinnmeldte medlemer.

Medlemsansvarleg i Vestland Arbeiderparti har hatt jamleg kontakt med medlemsansvarlege i kommunepartia/laga. Styret i parti/lag er alle ansvarleg for medlemspleie og kontakten med enkeltmedlemmar. Arbeidet består mellom anna kontingentringing og ikkje minst ta kontakt med nye medlemmer. Vi er ein medlemsorganisasjon og vi skal ha som mål å vekse i kommunepartia. Då må vi verve og rekruttere.

SLUTTORD FRÅ LEIAR

Eg vil takka alle gode samarbeidspartar for godt arbeid det siste året. Vestland Ap fekk markert seg godt på landsmøtet våren 2025. Me har bak oss ein vellukka valkamp som gav Arbeidarpartiet fornya regjeringsmakt og sikra fem stortingsrepresentantar frå Vestland.

Eg vil takka styret, folkevalde, kommunepartia, partilaga og medlemane for dette. Ein særskilt takk går til ungdomane våre i AUF og til fagrørsla. To viktige faktorar, ikkje berre for ein god valkamp i 2025, men også for at rørsla vår gjennom over hundre år har vore avgjerande i samfunnsbygginga.

Det gode arbeidet på alle plan i organisasjonen gav seg også utslag i ein fin medlemsvekst gjennom 2025.

Styrearbeidet har i 2025 vore prega av pågangsmot og kreativitet, og ikkje minst av eit ope samarbeidsklima med gjensidig tillit.

Det nye året har starta på utfordrande vis, med saker som ikkje er heldige for tilliten i samfunnet. Arbeidarpartiet er eit parti som skal stadfesta Noreg som eit tillitssamfunn. Det er ein tilstand som rørsla vår skal arbeida kvar dag for å oppretthalda. Eg er viss på at det gode arbeidet med dette held fram, både i Storting, i regjering, i fylkeslag og i lokallag. Og ikkje minst gjennom årsmøtehelga.

Godt årsmøte!

Torgeir Næss

